



STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I
Salhusvegen 201
5107 SALHUS

Dato: 29.11.2017
Vår ref.: 2017/8481-17
Saksbehandlar: inggase
Dykkar ref.:

Att. Torunn Kojan Bøe

Museumsløft 2017 - Nytt fellesmagasin for musea i Hordaland vidareføring av søknaden frå 2016 - Underretning om vedtak

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Museumsløft 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 25.10.2017, politisk sak 129/2017, handsama søknaden. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Ved søknadsfristen 20.08.2017 var det kome inn 12 søknader. Samla søkesum var 3.427.000 kroner. Det er totalt 2 millionar kroner til fordeling under Museumsløft 2017

Grunngjeving

Museet fekk i fjor tildelt 350 000 til prosjektet. Statusrapporten syner at framdrifta ikkje har vore som planlagt. Fylkesrådmannen vurderer at prosjektet må svare på dei utfordringane som vert skissert i politisk sak PS 144/2016, før ny løyving vert vurdert. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa er gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedteke retningsliner. For oversikt over tildeling, sjå politisk vedtak og saksframlegg.

Politisk vedtak:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=10762&caseType=Protokoll®istryEntryId=468919>

Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=10762&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=468919>

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen melding om vedtaket vart mottatt. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage –2017/8481-17*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Irene Fredheim Kronen